



ADVOKAT JOHANNES HAUGE
Krekavegen 83
6869 HAFSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Vedtak i klagesak som gjeld dispensasjon for flytebrygge og ilegging av gebyr på eigedomen gbnr. 324/1, Sværafjorden i Sogndal kommune

Vi viser til oversending av klagesak frå Sogndal kommune datert 26.04.2021, og klage datert 05.02.2021.

Vedtak

Klaga er ikkje tatt til følge. Statsforvaltaren i Vestland har med heimel i forvaltningslova § 34 likevel gjort slikt, nytt vedtak:

Gebyr

Søknadspliktige tiltak får gebyr i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. 1M = kr. 1.200,-.

2.5.3: Anna dispensasjon frå pbl.	3M	Kr. 3 600,-
3.6.1: Mindre bryggeanlegg inntil 6 båtplassar	5M	Kr. 6 000,-
Totalt gebyr å betale		Kr. 9 600,-

Med unntak av endringa ovanfor vert vedtaket 14.01.,2021, sak 13/21, stadfesta fullt ut. Det vert gitt løyve og dispensasjon for utlegging av flytebrygge på eigedomen gbnr. 324/1 i Sogndal kommune.

Bakgrunn for saka

Historikk

Sogndal kommune varsla heimelshavar på eigedomen gbnr. 324/1, Jan Bjarne Thorsnes, om ulovleg oppført flytebrygge og moglegheita for å søke om løyve og dispensasjon (varsel om pålegg om retting) i brev datert 16.09.2020, jf. plan- og bygningslova § 1-8 og § 21-2.

Søknad om løyve for utlegging av flytebrygge er motteken 24.09.2020, utan søknad om dispensasjon. Søknad om dispensasjon for utlegging av flytebrygge er datert 11.11.2020, og søknaden var difor komplett på dette tidspunktet. Brygga er om lag 2 x 6 meter med tilhøyrande landgang, og ligg i tilknytning til ei eldre steinbrygge.



Den 14.01.2021, sak 13/21, innvilga Sogndal kommune søknaden om utlegging av flytebrygge. Dispensasjon og byggjeløyve vart gjeve i separate saker med same dato. Følgeleg vart tiltakshavar pålagt byggesaksgebyr på kr. 10 400,- for søknaden.

Slik saka ligg føre no

Det er no motteke klage på Sogndal kommune sitt vedtak om dispensasjon og løyve, ettersom Thorsnes meiner tiltaket ikkje er søknadspliktig og følgeleg ber om at pålagt gebyr vert sletta. Klaga er datert 05.02.2021, og sendt inn av deg på vegner Thorsnes, jf. også etterfølgjande skriv.

Det går fram av klaga at flytebrygga er etablert i 2013 og er i samsvar med kommuneplanen. Klaga er grunngeven med at «*etablering av ei flytebrygge av denne storleiken på ein landbrukseigedom ikkje er søknadspliktig tiltak. Flytebrygga vert tilkomst frå ein større kai mura av gråstein og etablert for svært lang tid tilbake.*»

Klaga er handsama den 23.04.2021, sak DS 190/21. Kommunen held fast ved at tiltaket er søknadspliktig og krev dispensasjon, og at gebyret difor er i tråd med regelverket. Klaga er difor ikkje tatt til følge, og saka er sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vi skal som klageinstans sjå til at kommunen har følgd dei lovene, forskriftene og sakshandsamingsreglane som gjeld på området. Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunen skal gje løyve til tiltak som ikkje er i strid med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 21-4 første ledd. Tiltak i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre godkjennast dersom det samstundes vert dispensert frå føresegna tiltaket strid mot, jf. plan- og bygningslova kapittel 19.

Plan- og bygningslova § 33-1 gir kommunen heimel til å fastsette gebyrregulativ til dekning av utgifter for handsaming av «*søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag*». Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine nødvendige kostnader på sektoren.

Sogndal kommune har fastsett dette i *Prishefte 2021*, vedtatt av kommunestyret i Sogndal kommune den 10.12.2020. Prishefte er ein del av *Økonomiplan 2021-2024*, sjå vedlegg tre pkt. 14.¹

Sjølve gebyret sin storleik og ilegginga av gebyret er vedtatt i forskrift, og kan derfor ikkje klagast på som et enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 første ledd, jf. § 2. Dette følgjer og av Sogndal kommune sitt *Prishefte 2021* pkt. 14.1, der det går fram at «*Det er ikkje klagerett på gebyrfastsettinga i den einskilde sak der gebyret er heimla i plan- og bygningslova § 33-1*». Kommunen kan derfor avvise

¹ <https://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/4853600.2665.but7kmusiusmpl/Vedlegg+3+Prishefte.pdf>



klage på ilegging av gebyr. Bruken av prishefte og grunngevinga for ilegginga kan likevel klagast på, jf. at gebyret må vere «heimla i plan- og bygningslova § 33-1».

Planstatus

Eigedomen er i kommuneplanens arealdel² sett av til LNF-område. Det er ikkje fastsett byggegrense mot sjø i kommuneplanens arealdel.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 33. Vidare har Thorsnes klagerett, og klaga er komen til rett tid, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Om tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Det er gitt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8, jf. § 19-2 for utlegging av flytebrygge på eigedomen.

I klaga går det fram at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå tiltaksforbodet i 100-metersbelte langs sjø, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Det er vist til fjerde ledd der det går fram at «*Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4*»

Det er klart at tiltaket ligg innanfor 100-metersbelte der det etter lova gjeld eit generelt tiltaksforbod. I tillegg er det klart at utlegging av flytebrygge er eit tiltak, jf. plan- og bygningslova § 1-6. Forbodet gjeld så langt det ikkje er fastsett ei anna byggegrense i plan etter plan- og bygningslova, jf. tredje og fjerde ledd. Spørsmålet i denne saka er difor om kommunen i plan har fastsett ei anna byggegrense.

Det følgjer av gjeldande kommuneplan sin arealdel pkt. 5.1 at det er ei generell byggegrense på 50 meter til vassdrag. Byggegrensa mot sjø er likevel 100 meter, jf. plan- og bygningslova § 1-8.

Vi viser til at Sogndal kommune i si klagevurdering stiller spørsmålsteikn til grunngevinga for klaga på dette punktet, og viser til at «*Eksisterande plan gir ikkje løyve til oppføring av bygningar og anlegg, jf. pbl. 1-8 slik det blir hevda. Det må følgeleg liggja føre dispensasjon frå byggeforbodet i pbl § 1-8.*»

Statsforvaltaren har ikkje merknader til kommunen si vurdering. Vi kan ikkje sjå at kommunen i planen har «*tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4*». Vi presisera for ordens skuld at dette ikkje skjer automatisk ved fastsetting av arealformålet LNF, men at det må vera konkret skildra i planen, jf. § 11-11 nr. 4.

Vidare viser vi til at det er kommunen sjølv som er planstyresmakt, og som difor er best eigna til å vurdere sine egne planar. Statsforvaltaren i Vestland har, likt som kommunen, kome til at utlegging av flytebrygga er i strid med plan- og bygningslova § 1-8. Tiltaket krev difor dispensasjon frå byggegrensa plan- og bygningslova § 1-8, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Søknadspliktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-2.

Vidare har kommunen vurdert at utlegging av flytebrygge er eit søknadspliktig tiltak, jf. § 20-2, j. § 20-1, og dei har innvilga søknaden på bakgrunn av at det er gitt dispensasjon.

² Kommuneplan for Balestrand 2010-2020. Vedtatt av Balestrand kommunestyre 25.03.2010, sak 12/10.



Det er i klaga vist til at tiltaket er unntatt søknadsplikt etter plan- og bygningslova § 20-5 bokstav c,³ der det går fram at det gjeld eit unntak frå søknadsplikta for «*mindre frittliggende byggverk knyttet til drift av jordbruks-, skogbruks- og reindriftsområder*».

Vi viser til at unntak frå søknadsplikt, jf. § 20-5 berre gjer seg gjeldande dersom tiltaket er «*i samsvar med plan*», jf. § 20-5 første ledd første setning. Vidare viser vi til vår vurdering ovanfor, der vi har kome til at utlegging av flytebrygge ikkje er i samsvar med plan- og bygningslova § 1-8.

Vi kan, likt med Sogndal kommune, ikkje sjå at ei flytebrygge med denne størrelsen og plasseringa er nødvendig for landbruket på eigedommen. Utlegging av flytebrygge er søknadspliktig, jf. plan- og bygningslova § 20-2, jf. § 20-1.

Ilegging av gebyr, jf. plan- og bygningslova § 33-1

I klaga er det fremja krav om sletting av urettmessig gebyr på kr. 10 400,-.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 at kommunen etter forskrift kan krevje gebyr for «*behandling av søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre ...*»

Vi viser til vår vurdering ovanfor, der det går fram at utlegging av flytebrygge på eigedommen er eit søknadspliktig tiltak som krev løyve frå kommunen, i tillegg til krav om dispensasjon. Kommunen kan difor pålegge tiltakshavar å betale gebyr, jf. plan- og bygningslova § 33-1.

Pr. dags dato er det Sogndal kommune sitt *Prishefte 2021* som er heimelen for ilegging av gebyr, vedtatt i kommunestyret 10.12.2020. Det er difor gjort følgjande vedtak⁴ om gebyr:

Gebyr		
Søknadspliktige tiltak får gebyr i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. 1M = kr. 1.300,-		
3.6.1 Mindre bryggeanlegg inntil 6 båt plassar	5M	Kr. 6.500,-
2.5.3 Anna dispensasjon frå pbl	3M	Kr. 3.900,-
Totalt gebyr å betale		Kr. 10.400,-

Det følgjer vidare av *Prishefte 2021* at «*Gebyr vert rekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet komplett søknad ... kjem inn til kommunen.*»

Søknaden i denne saka var komplett 11.11.2020, soleis før gjeldande *Prishefte 2021* vart vedtatt i kommunestyret den 10.12.2020. Det er difor tidlegare gebyrregulativ for Sogndal kommune som skal leggest til grunn. Dette er mellom anna relevant fordi det følgjer av *Prishefte 2021* at «*minstegebyret vert fastsett til kr. 1 300,-*» Dette er ei auke på kr. 100 frå 2020 til 2021.

Gebyrregulativet som skal leggest til grunn for denne saka er difor Sogndal kommune sitt *Prishefte 2020*, vedtatt i kommunestyret den 19.12.2019.⁵ Føresegn om plan og forvaltning følgjer av pkt. 14. Minstegebyret er her sett til kr. 1 200,-.

³ Det er i klaga vist til § 20-3 bokstav b. Dette er tidlegare føresegn, som no går fram av § 20-5 bokstav c.

⁴ Vedtak datert 14.01.2021, sak 13/21.

⁵ <https://www.sogndal.kommune.no/getfile.php/4654710.2665.aipumqbjusa7qk/Prishefte%202020.pdf>



Her følgjer det vidare av pkt. 14.2.5, kode 2.5.3 at dispensasjon frå plan- og bygningslova som krev minimal vurdering har eit gebyr på 3 gonger minstegebyret. Vidare følgjer det av pkt. 14.3.6, kode 3.6.1 at mindre bryggeanlegg inntil 6 båt plassar har eit gebyr på 5 gonger minstegebyret.

Vidare følgjer det under pkt. 14.3.1 at «Gebyr vert rekna separat for kvart enkelt byggetiltak (bygning) sjølv om søknaden gjelder fleire tiltak. I tillegg til sjølve handsamingsgebyret, kjem gebyr for eventuelle dispensasjonar, gebyr for godkjenning av ansvarsrett og for avvikshandsaming ved gjennomføring av tilsyn.»

Samla gebyr i denne saka skal difor vere 3 gonger minstebeløpet på kr. 1 200,- (dispensasjon), pluss 5 gonger minstebeløpet på kr. 1 200,- (søknad). Dette utgjer eit samla gebyr på kr. 9 600,-, ikkje kr. 10 400,-, slik som Sogndal kommune har lagt til grunn i sitt vedtak. Utrekninga av gebyret til Sogndal kommune har lagt til grunn feil minstegebyr, og beløpet vert difor for høgt.

Oppsummering

Statsforvaltaren i Vestland er i stor grad einig i Sogndal kommune si vurdering i denne saka. Vi følgjer Sogndal kommune si vurdering av grunnlaget for ilegging av gebyr, at det ligg føre søknadsplikt for tiltaket og at tiltak i 100-metersbelte langs fjorden krev dispensasjon.

Vi stadfestar denne delen av Sogndal kommune sitt vedtak.

Vidare viser vi til at det er lagt til grunn feil minstebeløp for utrekninga av gebyret. Gebyret skal etter Statsforvaltaren i Vestland si vurdering vere på kr. 9 600,-. Me heimel i forvaltningslova § 34 har vi difor endra denne delen av vedtaket.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Jan Bjarne Thorsnes	Dale 11	6899	Balestrand
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL